

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
L32, TI-&13
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.05.2022

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--|------------|
| 045/22 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 31.05.2022 |

**Klagesak 2022/113, 114 og 115 - opphavleg namnesak 2020/551 -
Selfallet/Seglfallet/Seglfaldet - høyringsuttale frå Alver kommune
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur rår til at Seilfallet vert vedtatt skrivemåte for følgjande namn:

- Selfallet/Seglfallet/Seglfaldet(nes i sjø ved Mangersvågen)
- Selfallet/Seglfallet/Seglfaldet (bruk 445/7 ved Mangersvågen)

Bakgrunnen for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 045/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur rår til at Seilfallet vert vedtatt skrivemåte for følgjande namn:

- Selfallet/Seglfallet/Seglfaldet(nes i sjø ved Mangersvågen)
- Selfallet/Seglfallet/Seglfaldet (bruk 445/7 ved Mangersvågen)

Bakgrunnen for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Statens kartverk gjorde 21. oktober 2021 vedtak om skrivemåten Selfallet på nes i sjø ved Mangersvågen, bruk 445/7 ved Mangersvågen og li ved Haugland i Alver kommune. Vedtaket vart påklaga av Selfallet Vel, som ynskjer Seglfallet eller Seglfaldet.

Kartverket har sendt saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn. Før kartverket gjer vedtak, har kommunen rett til å uttala seg.

Saksopplysningar:

Statens namnekonsulentar Vestlandet tok opp sak om skrivemåten for Selfallet/Seglfallet/ Seilfaldet 2. september 1999. Området var då eit naturområde på gnr. 45 bnr. 7 i Radøy kommune og eit bruksnamn på dette bruket. Radøy kommune kunngjorde saka i lokalavisene, og ved brev til aktuelle grunneigarar. Det kom inn 15 uttalar/merknader. Radøy kommune gav uttale i saka 3. februar 2000 og rådde til at Seilfaldet vart å

bruka både for bruksnamnet og naturområdet. Namnekonulentane gav endeleg tilråding til Statens kartverk 8. juni 2000.

Med heimel i Lov om stadnamn § 6 fjerde ledd og § 5 andre ledd vedtok Statens kartverk at namnet skulle skrivast Selfallet. Kartverket låg til grunn at den mest sannsynlege tolkinga av føreleddet i namnet er ordet "sel", i tydinga lite hus. Sisteledet meinte dei truleg stod for avlingsmengd, avkastning. Vedtaket retta seg etter § 4 om at skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp.

4. mai 2012 bad Seilfaldet velforeining om at namnesaka vart tatt opp av. Selfallet hadde då blitt utbygd, og var på den tida eit bustadfelt med om lag 60 bueiningar. Kartverket sende spørsmålet om gjenoptaking av namnesaka ut til kommunen på høyring i eit brev av 19.06.2012. I høyringa støtta Radøy kommune og Radøy mållag ynsket til Seilfaldet Velforeining om gjenopning av saka. I høyringa kom det elles fleire innspel for ulike syn i namnesaka, både som høyringsinnspel og i debattspaltene i lokalpressa. I tillegg hadde det kome fram nye saksopplysningar som var samla og sendt Kartverket og Språkrådet i ettertid. Kartverket avgjorde på grunnlag av dei mange innspela at vilkåret om at det må koma nye opplysningar som ikkje var framme i fyrste runde av saka, var stetta. Språkrådet gav ny tilråding i saka 20.01.2021

Statens kartverk gjorde 21. oktober 2021 følgjande vedtak om skrivemåten av nokre stadnamn i Alver kommune:

- Selfallet (nes i sjø ved Mangersvågen)
- Selfallet (bruk 445/7 ved Mangersvågen)
- Selfallet (li ved Haugland)

Vedtaket vart gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

I motsetnad til i 2002 la ikkje Kartverket éi bestemt tyding til grunn for vedtaket denne gongen, men konkluderte med at spørsmålet ikkje lèt seg endeleg avklara. Vidare skriv dei:

I § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn står det at stadnamn som inneheld ålment kjende ord eller namnelekkar, skal fylgja gjeldande rettskriving, medan stadnamn som inneheld utdøyde eller uklare språkelement, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp. Det siste må seiast å vera gjeldande for namnet Seilfaldet/Selfallet. Når den nedervde uttalen er /sèllfadle/, der sistelekken vert tolka som eit inkjekjønnsord i bunden form eintal, tilseier norske rettskrivingsprinsipp skrivemåten Selfallet eller Sellfallet. Skrivemåten Selfallet opnar i størst grad for ulike tolkingar av namnet. Han må reknast som godt innarbeidd sidan han no har vore brukt i adressenamnet på eit stort bustadfelt i mange år. Det er òg denne skrivemåten somme av høyringspartane har teke til orde for, medan ingen har ytra ynske om Sellfallet. Difor er det òg mest praktisk å vidareføra Selfallet som skrivemåte, som har vore i offentleg bruk sidan det fyrste vedtaket vart gjort for 19 år sidan. Selfallet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 1 og 4 i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.

Dette vedtaket vart som nemnd påklaga av Selfallet Vel, som ynskjer Seglfallet eller Seglfaldet.

Vurdering

Statens kartverk har slått fast at det ikkje lar seg endeleg avklara kva førstelekken i stadnamnet tyder. Dei peikar på at namnet ikkje kan koma av at seglskutene lot seglet falla då dei kom til staden då dette ikkje samvarar med Radøy-dialekten, der dei sa «segl» og ikkje «seil». Men heller ikkje teoriane om at sel kjem av lite hus eller selje kan bevisast (jf drøfting av namna i vedtaket frå kartverket datert 21. oktober 2021). Andrelekken er ein nokså sikker på at kjem av inkjekjønnsordet fall (gamalnorsk fall), med éi av dei åtte tydingane som er førde opp i Nynorskordboka.

Det ein veit er at det er to uttalemåtar av stadnamnet som gjeld nes i sjø ved Mangersvågen og bnr. 445/7 har eksistert side om side i mange tiår. Dei som har budd på eller tett ved staden, eller som har familietilknytning til staden ser ut til å ha nytta «Seilfaldet», «Seilfallet» eller «Seilfadle», medan det er dokumentert at «Selfallet»/«Selfadle» har vore nytta av personar som bur andre stader på Radøy. Stadnamnkonulentane meiner at førstelekken «Sel» er den nedervte, medan førstelekken «Seil» er påverka av den skriflege forma.

Forma «Seglfallet» eller «Seglfaldet», som klagar ynskjer, er ikkje i tråd med nokon av uttalane som er nytta, og når ein heller ikkje er sikker på kva namnet kjem av, er det kommunedirektøren sitt syn at dette ikkje bør verta vedtatt skrivemåte. Klagar har i tidlegare korrespondanse peika på Seilfallet eller Seilfaldet som ynskt skrivemåte, og slik me les presiseringa frå klagar ynskjer dei Seglfallet berre fordi det er i tråd med nynorsk rettskriving av ordet segl. Intensjonen frå velforeininga er å få erstatta skrivemåten Selfallet med ein skrivemåte som er meir i tråd med uttalen til dei med nær tilknytning til staden.

Kommunedirektøren vurderer at det er lagt for lite vekt på den uttalen som dei som har nærast tilknytning til namnet brukar. Særleg gjeld dette når ein ikkje kan avklara kva tyding som ligg til grunn for namnet. Kommunedirektøren rår difor til at Seilfallet vert vedtatt namneform. Når det gjeld «Seil» er dette eit ord som finst i nynorsk ordbok, og såleis i tråd med nynorsk rettskriving.

Me vil også visa til at i Ivar Aasen si Norsk Ordbog er «Seil» definert som «*en Indbøining, en bueformig Indsænkning paa en Kant eller Ryg*» eller «*en Huulning eler Fordybning paa en Flade*». Særleg den siste forklaringa kan høva på Selfallet ved Manger, då det var eit søkk eller nedsenking i terrenget der bustadfeltet i dag er.

I norsk ordbok er det vist til at ordet seil er nytta mange stader i landet, mellom anna i Suldal, fleire stader på Austlandet og i Bolsøy. Dette viser at bruken av ordet har hatt vid utstrekning. I vårt område har me garden Storsøilen på Osterøy, som i følge [Norske Gaardsnavn av O. Rygh](#) truleg kjem av ordet seild som tyder liten fordjupning i terrenget. Dette viser at ordet vart brukt også i vårt nærrområde.

Konklusjon

Kommunedirektøren meiner at Kartverket bør gjera vedtak om skrivemåten Seilfallet for nes i sjø ved Mangersvågen og bruk 445/7 ved Mangersvågen. Dette er i tråd med uttalen til dei som har nærast tilknytning til staden og med nynorsk rettskriving.

Vedlegg i saken:

| | | |
|------------|---|---------|
| 27.05.2022 | Presisering av namneynskje frå Selfallet Vel .PDF | 1745633 |
| 27.05.2022 | Klage | 1745634 |
| 27.05.2022 | Oppstart av klagesak 2022/113, 114 og 115 - opphavleg namnesak 2020/551 - Selfallet/Seglfallet/Seglfaldet - Alver kommune | 1745635 |
| 27.05.2022 | Vedtak i namnesak 2020/551 – Selfallet | 1745666 |
| 27.05.2022 | Stadnamn på garden Haugland - tilrådd skrivemåte | 1745667 |
| 27.05.2022 | Ei stadnamnsak i Alver kommune - tilråding | 1745669 |